

## Lensmennene på Varhaug

I 1917 gjorde Nærbø og Varhaug heradstyre likelydande vedtak om at lensmannen i Hå skulle bu på Varhaug.

Ingebrigt Gausland (1871-1940) var då lensmann og budde på Torland på Nærbø.



Gausland flytta til lensmannshuset på Varhaug ved I.T. Ueland. Han starta bygginga av lensmannsgarden på Varhaug som stod ferdig i 1925.

Ingebret Gausland jr. (1905-1978) vart lensmann i Hå etter faren i 1934. I 1961-62 vart lensmannskontoret flytta til det nye kommunehuset på Varhaug. Gausland slutta som lensmann i 1975.

## Lensmannsgarden

På innkjøpt areal bygde Ingebret Gausland lensmannsgarden på Varhaug. Først vart løa ferdig, og i 1925 også eit flott våningshus.

Løa brann i 1932. Lensmannsløa vi har i dag vart bygd i 1933 på murane av den gamle.



Tunet var - og er - det flottaste gardstunet på Varhaug frå si tid.

Ein flott allè gjekk frå vegen og opp i lensmannstunet.

## Drifta av garden

Lensmennene Gausland var flinke og driftige bønder. I tillegg til kyr og hest var det sauer, griser og høner på garden.

På markene avla dei høy, korn, poteter og seinare også roer og kålrabi.



Siste lensmann Gausland var svært interessert i hage, og han planta mange frukt- og bærtre. Uvanleg på den tida var nok også alle dei flotte blomane som pryda hagen på Lensmannsgarden.

Lensmannsgarden vart driven av forpaktar frå ca. 1950.

## Framtida

I 1987 blei Lensmannsgarden omdisponert til utbyggingsområde.

Det var lenge uvisse om Lensmannsgarden si skjebne. Både i bygdemiljø og i politiske og kulturelle kretsar var det vilje og interesse for å ta vare på bygningane og tunet.

I 1992 kjøpte kommunen våningshuset som blei teke i bruk som barnehage. Så vart resten av området med løa innløyst.

Etter eit kommunestyrevedtak som bevilga pengar, har ein dugnads-gjeng brukt mange timar til å sikra og istandsetja løa.

Våren 2008 blei det skipa eit vennelag for det vidare restaureringsarbeidet av løa.



## LENSMANNSGARDEN PÅ VARHAUG

[www.lensmannsgarden.net](http://www.lensmannsgarden.net)